

LEIGEAVTALE
mellom
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
(org.nr.: 938 626 367)
(Heretter nemnd som Utleigar)
og
HBIO VARMESENTRAL SKULESTAD AS
(org.nr.: 914 826 632)
(Heretter nemnd som Leigetakar)

1. Leigeobjekt og leige

Leigeavtalen gjev Leigetakar rett til leige av areal til bruk for etablering og drift av bioenergianlegg i del av bygning på gnr. 54 bnr. 17 i Voss kommune, tilhøyrande Utleigar. Anlegget omfattar òg flislager med tilhøyrande hydraulisk tak. Totalt leigeareal er på 107 m² og er vist på vedlagte teikning, vedlegg 1. Leigetakar skal levere energi til oppvarming av Voss vidaregåande skule på gnr. 54 bnr. 17. Energien skal leverast i form av oppvarming av sirkulerande varmt vatn i tråd med avtale mellom Hordaland fylkeskommune signert 12.1.2015 og Hordaland Bioenergi AS signert 8.1.2015. Leverandøren har i avtaletida rett til å ha energianlegget vederlagsfritt på eigedomen.

Ut frå dette er leigesummen i denne leigeavtalen NOK. 1 per år inkludert MVA.

2. Leigetid

Leigetilhøvet trer i kraft frå og med 1. mars 2015 og gjeld fram til 1. mars 2036, jfr. ovannemnde avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hordaland Bioenergi AS.

Leigetilhøvet kan ikkje seiast opp i leigetida.

3. Leigetakars bruk av leigeobjektet

Leigetakar skal setje opp og drifte bioenergianlegg i dei leigde lokala. Leigetakar har rett til å montere naudsynt utstyr, røyr, antenner, kabelføringar osv. Alt dette vert kosta av Leigetakar.

Straummålar skal installerast og vert betalt av Leigetakar, men utleigar fører fram naudsynt elektrisk effekt til innside vegg i fyrrom frå trafo. Leigetakar teiknar eige abonnement og betalar for eige straumforbruk.

Bruken av leigeobjektet må ikkje vera i strid mot lov eller vedtak av offentleg styresmakt og må ikkje skje slik at den set ned eigedomen sitt omdømme eller ved støy, lukt o.l. eller sjenerer andre brukarar av eigedomen eller naboar.

Leigetakar må sjølv sørge for alle offentlege godkjenningar og løyve som måtte vere naudsynte for Leigetakers særlege bruk av leigeobjektet. Leigetakar er ansvarleg for at sin bruk av leigeobjektet til ei kvar tid stettar gjeldande offentlegrettslege krav. Leigetakar pliktar for eiga rekning å oppfylle eitkvart krav frå offentlege styresmakter.

4. Forsikring

Leigetakar forsikrar sjølv egne interesser, under dette egne faste installasjonar, fast og laust inventar, lausøyre, maskiner, data og ansvar. Utleigar forsikrar sine interesser.

5. Leigeobjektet sin stand ved overleveringa

Leigetakar overtek leigeobjektet i den stand det er avtalt i leveringsavtalen.

6. Tilgang for utleigar

Utleigar kan krevje tilgang til leigeobjektet, og eit slikt krav skal straks etterkommast.

7. Bruksrett til uteareal

Leigetakar har rett til døgkontinuerleg tilkomst til leigeobjektet. Leigetakar skal kunne nytte to areal på uteområdet, arealet på nedsida av bygget ved inngangsdør og det asfalterte arealet på oppsida av bygget ved flislageret. Utleigar er ansvarleg for å merke den sistnemnde plassen med «Parkering forbode». Leigetakar skal òg kunne setje container e.l. på uteområdet for ein avgrensa periode, dersom det trengst. Arealet det blir gjeve bruksrett til er også merka på vedlegg 1.

8. Vedlikehald

Utleigar er ansvarleg for, og ber kostnaden med, alt utvendig vedlikehald.

Utleigar kan ikkje føreta endringar av eigeiendomen slik at den delen av leigeobjektet som vert nytta til fyrrom, ikkje lenger oppfyller krava til branncelle.

Leigetakar har ansvaret for innvendig vedlikehald av leigeobjektet, og under dette vedlikehald av inngangsdører og vindauger med innramming.

9. Tilbakelevering ved opphør av leigetilhøvet

Ved opphør av leigetida overtek Utleigar leigeobjektet i rydda stand med tilhøyrande utstyr og infrastruktur i tråd med leveringsavtalen signert 12.1.2015 av Hordaland fylkeskommune.

10. Framleige

Det er ikkje tilléte med framleige.

11. Tinglysing

Leigetakar har rett til å tinglyse leigeavtalen.

12. Særlege vilkår

Utleigar vil syte for snørydding/strøing på uteareal disponert av leigetakar, vist på vedlegg 1.

13. Tilhøvet til Husleierloven

Ved motstrid mellom føresegner i denne avtalen og fråvikelege føresegner i Husleierloven, gjeld avtalen føre.

14. Verneting

Eigedomens verneting er vedteke som rett verneting i alle saker knytte til leigetilhøvet.

Avtalen er signert i to originaleksemplar, eit til Utleigar og eit til Leigetakar.

Bergen , -2015


for Hordaland fylkeskommune



Jostein Fjærestad
Eigedomsdirektør

Voss, 21.12 -2015

for HBio varmesentral Skulestad AS



Katharina Månun
Dagleg leiar

Fyrrom

Fliskum

11.0

17.0

7.0

R12.3

10.2

R12.0

31.0

R12.0

10.0

Nødvendig trafikkareal v/Fliskum
M= 1:200 (A3) 23.04.2015 (eh)

WA